



Rapport frå tilsyn med Meland kommune - samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen

Adressa til verksemda: Meland kommune

Postboks 79
5906 Frekhaug

Tidsrom for tilsynet: 3.-4. mars 2015

Kontaktperson i verksemda: Helge Kvam, rådgjevar

Samandrag

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte tilsyn med Meland kommune 3.-4. mars 2015. Vi undersøkte om Meland kommune ved systematisk styring sikrar forsvarleg mottak og helsehjelp til pasientar som blir skrivne ut frå spesialisthelsetenesta til eigen heim.

Rapporten omtaler funn ved tilsynet.

Ved tilsynet blei det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga.

Vår vurdering av kommunens styring med samhandling med spesialisthelsetenesta og fastlegane og helsehjelp til pasientar som blir skrivne ut til eigen heim, er omtalt i rapporten kapittel 6.

Tilsynet er avslutta.

Anne Grete Robøle
revisjonsleiar

Jo Kåre Herfjord
revisor

Rapporten er elektronisk godkjent og har difor inga underskrift

Innhald

Samandrag.....	1
1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda	3
3. Gjennomføring.....	4
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn	5
6. Vurdering av styringssystemet.....	6
7. Regelverk.....	6
8. Dokumentunderlag	6
9. Deltakarar ved tilsynet	8

1. Innleiing

Tilsynet med samhandling om utskriving av pasientar frå spesialisthelsetenesta til kommunen omfattar tilsyn med Meland kommune 3.-4. mars 2015 og tilsyn med Haraldsplass Diakonale Sykehus AS 17.-18. mars 2015.

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Meland kommune 3.-4. mars 2015. Tilsynet er ein del av det landsomfattande tilsynet med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunane, og den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i Hordaland i 2015.

Fylkesmannen i Hordaland har fullmakt til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenester etter lov om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten § 2.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument, ved intervju og andre undersøkingar.

Formålet med tilsynet er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Tilsynet omfatta å undersøkje om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor de tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om funn ved tilsynet og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

2. Omtale av verksemda

Meland kommune og dei 21 andre kommunane i opptaksområdet har inngått [overordna samarbeidsavtale](#) mellom Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus, Voss distriktspsykiatriske senter NKS Bjørkeli, NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus AS, Solli Distriktspsykiatriske senter, Hospitalet Betanien Distriktspsykiatrisk senter.

Det er og etablerte styringsstruktur for samhandling. I det årlege toppleiar møtet deltek politisk og administrativ leiing i alle kommunane og administrerande direktørar og styreleiarar frå partane i spesialisthelsetenesta. Føremålet med møtet er forankring og etterleving av samarbeidsavtalen.

Meland kommune er medlem i [samarbeidsutval for Nordhordlandskommunane og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS og Helse Bergen](#). Kommunen og sjukehuset har formelle møteplassar for ta opp saker som gjeld samhandling og evaluering av inngåtte avtalar.

Meland kommune har inngått [tenesteavtale om samarbeid om innlegging i og utskriving frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor for Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS.](#)

Meldingar om innlagt pasient m.v., blir sendt elektronisk mellom Meland kommune og Haraldsplass Diakonale Sykehus AS.

Meland kommune har innført elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og alle fastlegane i kommunen. Det lokale samarbeidsutvalet har ikkje hatt møte siste året , jf. rammeavtalen mellom KS og Den norske legeforening (ASA 4310). Det er regelmessige møte mellom legane i kommunen kvar månad.

Det er regelmessige møte mellom rådmann og leiar i heimetenestene om kapasitet m.v. i heimetenestene.

3. Gjennomføring

Tilsynet omfatta følgjande aktivitetar:

Melding om tilsyn: 15. desember 2014.

Formøte: 15. januar 2015.

Opningsmøte: 3. mars 2015.

Intervju: 11 personar blei intervjua.

Stikkprøver: Pasientjournalar til 17 pasientar, både journalane frå sjukehuset og heimesjukepleia.

Sluttmøte: 4. mars 2015

Oversikt over dokument som er mottekne frå Meland kommune og dokument som blei gjennomgått under tilsynet, er gitt i kapittel 8.

Spørjeundersøkingar

Invitasjon til å delta i spørjeundersøking blei sendt i brev av 12. januar 2015 til ni pasientar som var utskrivne frå medisinsk klinikk, Haraldsplass Diakonale Sykehus. I brev av 12. februar 2015 blei ytterlegare åtte pasientar inviterte til å delta i spørjeundersøkinga.

Fastlegane til dei ni pasientane blei i brev av 12. januar 2015 inviterte til å delta i spørjeundersøking.

4. Kva tilsynet omfatta

Vi undersøkte om Meland kommune ved systematisk styring sikrar forsvarleg mottak og helsehjelp til pasientar som blir skrivne ut frå spesialisthelsetenesta til eigen heim.

Tilsynet omfatta:

- Iverksetting og oppfølging av tenesteavtalen om utskriving frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor¹
 - Mottak og oppfølging av varsel om innlagt pasient og mottak av varsel om utskrivingsklar pasient frå sjukehus
- Kommunens tilrettelegging for og involvering av fastlegar i samhandling mellom fastlegar, andre kommunale tenester og spesialisthelsetenester
- Planlegging for og mottak av pasient som er meldt utskrivingsklar
- Vurdering av pasientens tilstand og behov for tenester dei første dagane etter utskriving
- Informasjon til pasient om helsetilstand og vurdering av behov for tenester, og medverknad frå pasient ved planlegging av tenester og innhald i tenestetilbod etter utskriving
- Hjelp til pasientar som treng det for å få kontakt/avtale med fastlege
- Informasjonsutveksling og samhandling med fastlege om kva legemiddel dei pasientane skal ha som treng hjelp til legemiddelhandtering

Spørjeundersøking til pasientar utskrivne frå medisinsk klinikk, Haraldsplass Diakonale Sykehus

Vi brukte eit enkelt spørjeskjema med svaralternativa ja/nei og felt for fritekst.

Vi spurde pasientane om

- dei hadde fått informasjon om behandlinga på sjukehuset,
- kva informasjon dei hadde fått frå kommunen om helsehjelp etter utskriving,

¹ Tenesteavtale 3 og 5 om inn og utskriving for somatisk sektor med retningsline for elektronisk meldingsutveksling

- dei hadde forstått informasjon som blei gitt på sjukehuset og i kommunen,
- om dei fekk tenestene i kommunen som avtalt,
- om behovet for helsehjelp blei vurdert på nytt innan kort tid etter at dei var komne heim
- om kommunen tok omsyn til kva pasienten sjølv meinte han trond hjelp til.

Tilsynet omfatta ikkje helsehjelpa til kvar enkelt pasient. Pårørande kunne svare på vegne av pasienten.

Spørjeundersøking til fastlegar

Spørjeskjemaet til fastlegane var todelt, ein del om informasjon frå sjukehuset og ein del om organisatoriske tilhøve med svaralternativ ja/nei og felt for fritekst.

Vi spurde fastlegane om

- epikrisen frå sjukehuset kom tidsnok og inneheldt nødvendige opplysningar til å følgje opp pasienten,
- det var noko fastlegane vurderte som særleg sårbart i samhandlinga med sjukehuset,
- kommunens tilrettelegging for å trekke fastlegane inn i arbeidet med revisjon av samarbeids- og tenesteavtalane mellom kommunen og spesialisthelsetenesta,
- kommunens tilrettelegging for informasjonsutveksling mellom fastlegane og pleie- og omsorgstenestene og om det var noko i denne samhandlinga dei vurderte som særleg sårbart.

Tilsynet omfatta ikkje verksemda til fastlegane.

5. Funn

Ved tilsynet med Meland kommune blei det ikkje avdekt forhold som er i strid med krav i helselovgjevinga.

Resultat frå spørjeundersøkingar

Spørjeundersøkinga til pasientar

Seks av 17 pasientar svara. Dette er for få svar til at dei kan leggjast til grunn ved vår vurdering av kommunens praksis med å informere og legge til rette for at pasientar kan medverke ved tildeling av helsehjelp.

Spørjeundersøkinga til fastlegar

Fire av seks fastlegar svara. Dei er fastlegar for seks av dei ni pasientane som hadde vore innlagt ved Medisinsk avdeling 1. oktober -15. desember 2014. Fastlegane svara at epikrisen frå sjukehuset kom tidsnok og inneheldt nødvendige opplysningar til å følgje opp pasientane.

To av legane svara at dei ikkje hadde fått informasjon frå kommunen om samarbeidsavtalen og retningslinene for innlegging og utskriving frå sjukehuset. Ein svara at epikrise av og til ikkje kjem, eller at den kjem så seint at det kan få følgjer for oppfølginga av pasientane.

Vi gjer særskilt merksam på at fastlegane ikkje blei spurde om kor ofte/kor mange gonger i løpet av siste år at epikrise frå sjukehuset har kome for seint.

Om samhandling og informasjonsutveksling med heimesjukepleia viste fastlegane til ordninga med elektronisk meldingsutveksling og dei regelmessige møta mellom fastlegane og personell i heimesjukepleia.

6. Vurdering av styringssystemet

Eigar og leiing har ansvaret for rammer og organisatoriske løysningar som gjer det mogleg å oppfylle krav i helselovgjevinga. Styring med tenestene (internkontroll) føreset at leiinga legg til rette og overvaker eige verksemd og set i verk nødvendige førebyggjande og korrigierande tiltak når det trengst.

Helse- og omsorgstenestene i Meland kommune er styrt i line fra rådmann gjennom kommunalsjef og einingsleiarar.

Ansvarsforhold er avklart innan dei områda tilsynet omfatta. Det er innarbeidde praktiske rutinar for å følgje opp tenesteavtalen om samhandling ved utskriving av pasientar til kommunen. Elektronisk meldingsutveksling tryggjer samhandling og informasjonsutveksling mellom heimesjukepleia, sjukehuset og fastlegane.

Heimesjukepleia har kvalifisert personell og føresetnader for å gje forsvarleg helsehjelp til pasientar som blir skrivne ut til eigen heim etter sjukehusopphald. Mottak av pasienten er førebudd. Pasientar som treng det, blir møtt og kan få tilsyn og hjelp raskt etter utskriving. I heimesjukepleia er det innarbeidd praksis å kontrollere legemiddelopplysningar fra sjukehuset opp mot tidlegare opplysningar og eller ved e-melding/telefon til fastlege og sjukehuset.

Område med risiko for svikt i samhandling med spesialisthelsetenesta i samband med utskriving av pasientar til eigen heim er kjent og blir handtert. Kommunen er tilbakehalden med å melde avvik til sjukehus ved enkelthendingar som ikkje er i samsvar med tenesteavtale 3 og 5 om tenesteavtale om samarbeid om innlegging i og utskriving frå spesialisthelsetenesta innan somatisk sektor.

7. Regelverk

Lovverk som blei lagt til grunn ved tilsynet er:

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter
- Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Forskrift av 18. november 2011 nr. 1115 om kommunal betaling for utskrivingsklare pasienter
- Forskrift av 29. august 2012 nr. 842 om fastlegeordning i kommunene

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over ved førebuing av tilsynet:

E-brev 3. februar 2015 vedlagt:

- Meland heimeteneste – ansvarsdeling, 16. desember 2014
- Subdelegeringsreglement for Meland kommune, 20. august 2013
- Organisasjonskart Meland kommune
- Mal leiaravtale
- E-meldingsprosedyre for pleie- og omsorgsmeldingar mellom kommune og helseforetak, versjon 28. januar 2015
- Prosedyre for bruk av elektroniske meldingar mellom fastlegane og pleie- og omsorg
- Legemiddelhandsaming – pleie og omsorg, 3. februar 2015
- Prosedyre mottak av pasient etter sjukehusopphald, 3. februar 2015
- Prosedyre for sakshandsaming innan heimetenestesta, 28. januar 2015
- Prosedyre for samarbeid fastlege – sjukeheimslege ved innskriving og utskriving av pasientar ved Meland sjukeheim

- Meland kommune – samarbeidsutvalet for fastlegeordninga, møtereferat 26. oktober 2012
- Retningsline for bruk av elektroniske meldingar for helse og omsorg i Meland kommune, elektronisk samhandling mellom pleie- og omsorg og legetenesta, versjon 1. oktober 2012
- Informasjon om møtedatoar, samarbeidsmøte 2015 mellom Frekhaug Legesenter og Ploms sone nord og sør
- Informasjon frå kommuneoverlege
- Oversikt over tilsette i heimetenestene

E-brev 21. januar 2015 frå Meland kommune med informasjon om tilsette med særskilde oppgåver innan tema for tilsynet.

- [Administrativt organisasjonskart per 1. august 2013](#) er lasta ned frå nettsida til Meland kommune
- [Informasjon om einingar i kommunalavdeling helse, omsorg og beredskap](#) er lasta ned frå nettsida til Meland kommune
- [Informasjon om samarbeidsavtalar, toppleiararmøte, overordna samarbeidsutval m.v.](#) er lasta ned frå Saman.no (felles nettside for 22 kommunar, Helse Bergen HF og Haraldsplass Diakonale Sjukehus).
- [Overordna samarbeidsavtale og supplerande administrativ retningsline for avvik](#) er frå Saman.no
- [Tenesteavtale 3 og 5 om inn og utskriving for somatisk sektor](#) med tilhøyrande retningsline for elektronisk meldingsutveksling er lasta ned frå Saman.no og nettsida til Meland kommune
- [Rettleiing med svar på vanlege spørsmål](#) til tenesteavtale 3 og 5 er lasta ned frå Saman.no

Andre dokument:

- Samhandlingsreformen – lovpålagede samarbeidsavtale mellom kommuner og regionale helseforetak/helseforetak. Nasjonal veileder
- KS FOU-prosjekt nr. 134017 «Samarbeidsavtaler mellom kommuner og helseforetak – etterleves de?»
- Helse- og omsorgsdepartementet, rundskriv I-3/2013 Spesialisthelsetjenestens veiledningsplikt overfor den kommunale helse- og omsorgstjenesten
- Vestlandsløftet, rapport vedr kvalitet i innhold i de elektroniske meldingene

Pasientjournalar som blei gjennomgått:

- Ni pasientjournalar til pasientar utskrive frå Medisinsk avdeling, Haraldsplass Diakonale Sykehus 1. oktober -15. desember 2014.
- Åtte pasientjournalar til pasientar utskrive frå Medisinsk avdeling, Haraldsplass Diakonale Sykehus 1. januar -1. februar 2015.

Dokument lagt fram ved tilsynet 3.-4. mars 2015:

- Skjema for registrering av uønska hending knytt til avtalar om ansvarsdeling ved inn- og utskriving av pasient til/frå spesialisthelsetenesta
- Kontaktpunkt for melding av og tilbakemelding på avvik i hht felles retningsline
- Døme på hendingar der det har vore svikt i kommunikasjon mellom spesialisthelsetenesta og kommunen

Korrespondanse mellom Meland kommune og Fylkesmannen i Hordaland:

- Melding om tilsyn, brev av 15. desember 2014 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Styrande dokument m.v. frå Meland kommune, e-brev av 3. mars 2015
- Program for tilsynet, brev av 18. februar 2015 frå Fylkesmannen i Hordaland
- Korrigert program for tilsynet 19. februar og 24. februar 2015 frå Fylkesmannen i Hordaland

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltagarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Formøte 15.01	Opnings- møte 03.03	Intervju	Slutt- møte 04.03
Ingvild Hjelmtveit	Rådmann	x	x	x	x
Helge Kvam	Rådgjevar	x	x		x
Britt Romarheim	Leiar heimetenesta	x	x	x	x
Øyvind Boge	Systemansvarleg Cosdoc mm		x		x
Torunn Skurtveit	Hjelpepleiar		x	x	x
Helene Eknes Hølleland	Sjukepleiar		x	x	x
Kristine R. Skintveit	Sjukepleiar		x	x	x
Karin Skjelvik	Avdelingsleiar heimetenestene		x	x	x
Merete Meland	Sjukepleiar		x	x	x
Randi Rotevatn Minde	Leiar Meland sjukeheim		x		x
Tord Molturnyr	Kommuneoverlege		x	x	x
Gro Hagen	Sjukepleiar		x	x	x
Mona Pettersen	Sjukepleiar		x	x	x
Anne Marit Andersen	Hjelpepleiar			x	x

Frå Fylkesmannen deltok:

Ass. fylkeslege Jo Kåre Herfjord
 Seniorrådgjevar Reidun Våge Danielsen
 Seksjonsleiar Anne Grete Robøle